



# UNIVERSITETET I OSLO

Forskar forbundet ved UiO

NTL ved UiO

Parat ved UiO

Akademikarane ved UiO

Dato: 23.04.2024

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

## Referat frå informasjons- og drøftingsmøte 23.04.2024

Frå organisasjonane

- Maren Ringstad og Cecilie Wingerei Lilleheil – Forskar forbundet
- Mattias Solbakken – Akademikarane
- Helene Askeland Thuen og Lærke Ajaaja Madsen Otzen – NTL
- Ariel Sevendal - Parat
- Mari Gakkestad – lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

- Anne Julie Semb - dekan
- Kari Marie Pound Davies – fungerande fakultetsdirektør
- Jannicke Monsen – seksjonssjef HR
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjent.

## Drøftingssak

### 1. Midlertidigkeit ved Det samfunnsvitskaplege fakultet

Presentasjon var vedlagt innkallinga, og namneliste og oppdatert side 9 i presentasjonen vart ettersendt.

Seksjonssjef for HR gjekk igjennom presentasjonen, og kommenterte på usikkerheiter knytt til datagrunnlaget frå DBH og om arbeid som blir gjort for å retta opp i feil i namnelistene.

Forskar forbundet kommenterer på at det er ein mange med midlertidig stilling ved SV, og ut frå lista så er det også mange av desse som har vore tilsett over lang tid og over 3 år.

Seksjonssjef fortel at ein har gått igjennom desse og ikkje funne personar som har krav på fast. Dette kan vera personar som har permisjon frå stipendiat eller postdoktorstillingar for å gå inn i korte midlertidige stillinga på inntil eit halvt år, det er personar som sit i midlertidige stillingar og som har permisjon frå sine faste stillingar ved fakultetet. Denne siste forma for midlertidigkeit vil ein gjerne ha då det er ynskjeleg at tilsette får prøva seg i andre stillingar i organisasjonen.

Forskar forbundet presiserer at den midlertidigheita som er utfordrande er den ein ser i teknisk-

---

**Det samfunnsvitskaplege fakultet** Postadresse:  
Fakultetsadministrasjonen

Postboks 1084 Blindern  
0317 Oslo

Besøksadresse:  
Eilert Sundts hus 4. et.,  
Moltke Moes vei 31, 0851  
Oslo

Tlf: 22 85 62 64  
Faks: 22 85 48 25  
E-post: postmottak@sv.uio.no  
www.sv.uio.no  
Org.nr.: 971 035 854



administrative stillingar og i vitskaplege stillingar som ikkje er vitskapleg assistent, stipendiat og postdoktor.

Parat spør kva leiinga tenkjer om midlertidigheita ved fakultetet.

Dekanen fortel at ein tilset ikkje i midlertidige stillingar av di ein skal unngå faste tilsettingar. Ofte er tilsettingane knytt til eksternt finansierte prosjekt der ein har ei konkret tidsavgrensa arbeidsoppgåve som skal løysast. Ein har også tilsett universitetslektorar i vikariat grunna frikjøp av fast vitskapleg tilsette, eller av di ein slit med stort overskot på timerekneskape som ein no forsøkjer å rydda opp i. Ein har fast vitskaplege tilsette som lukkast godt med å dra inn eksternt finansierte prosjekt, som igjen fører til høge nettobidrag. Samstundes så skapar omlegginga til ny finansieringsmodell uro for økonomien framover, og ein vil neppe sjå ei auke i talet på fast vitskaplege tilsette med det første. Når den nye finansieringsmodellen får sett seg, vil truleg talet på fast tilsette auka og ein vil sjå ein reduksjon av midlertidig tilsett universitetslektorar.

Dekanen fortel vidare at ein god del av midlertidigheita er ynskja, spesielt i stipendiat og postdoktorstillingar, men også at ein ynskjer at administrativt tilsette skal få høve til å prøva seg på andre oppgåver, gjerne i samband med at nokon går ut i permisjon.

Forskarforbundet kommenterer at eksternt finansierte forskingsprosjekt ikkje automatisk gir grunnlag for å tilsette midlertidig.

Seksjonssjef for HR presiserer også at ein det er knytt ein del usikkerheit til listene, og syner til diskrepansen mellom det som er registrert i SAP og det som er registrert i DBH.

Akademikarane syner til at listene manglar dei som er tilsett med vikarheimel. Presentasjonen syner at 1 av 5 teknisk administrative er tilsett midlertidig, noko som er svært høgt. Sidan det er i denne gruppa at arbeidsgjevar har oppdaga ein del usikkerheit knytt til talet på midlertidigkeit, så er ber dei om at midlertidigkeit blant teknisk-administrative blir teke opp til drøfting over sommaren.

Dekanen seier at fakultetet jobbar med å rydde i listene og finne kva som er dei reelle tala for midlertidigkeit. Ein vil då koma tilbake til IDF med denne saka når ein har fått oversikt over kva som er dei reelle tala for midlertidigkeit.

Akademikarane ynskjer i tillegg å bli informert gjennom året i IDF om arbeidet med midlertidigkeit ved fakultetet, og at dette ikkje blir ei sak som ein berre drøftar ei gong i året.

NTL kommenterer at alle dokumenta kunne vore lagt samla på nett, og at det gjer det litt uoversiktleg at dei kom i fleire e-postar. Vidare mangla sjølvé notatet med bestillinga som kom frå OPA. Der skulle fakultetet svara ut fleire punkter, og dei hadde sett at dette vart presentert i notats form der ein svarte ut kvart enkelt punkt. Vidare lurar dei på kva tiltak fakultetet har for å forebygga midlertidigkeit, spesielt i gruppa teknisk-administrativt tilsette. Dei lurar også på om ein vurderer om eit behov framleis kan vera der etter at eit eksternt finansiert prosjekt er avslutta.

Seksjonssjef fortel at ein god del av midlertidigheita er i sin natur korte oppdrag. Vidare brukar ein ofte interne krefter i vikariat som kompetansetiltak, og då blir det gjerne igjen vikar for vikaren. Elles vil ein koma tilbake til IDF når ein har fått gått igjennom tala for midlertidigkeit i teknisk-administrativ stab.

Forskarforbundet støttar NTL når det gjeld at ein gjerne skulle hatt eit notat, då PP-presentasjonen krev at arbeidsgjevar forklarar grafane. Det er då langt vanskelegare å førebu seg til møtet.

Dekanen kommenterte under presentasjonen at volumet av postdoktorar har gått merkbart opp dei seinare åra, og Forskarforbundet kommenterer at fakultetet har anledning til å vurdere om eksterne



prosjekt skal finansiera stipendiatar og postdoktorar, eller forskarar, dersom det er stor usikkerheit knytt til vidare karrieremogelegeheter for postdoktorar.

Vidare meiner Forskar forbundet at volumet av postdoktorar ikkje bør vera noko særleg større enn talet på ledige faste vitskaplege stillingar. Ein finn ofte stipendiatar og postdoktorar i eksternt finansierte prosjekt, men desse bør i større grad lysast ut som faste forskarstillingar.

Dekanen er usamd i dette. Mange av dei som vert tilsett i postdoktorstillingar er rekruttert internasjonalt, og forsvinn vidare til andre stillingar utanfor UiO både nasjonalt og internasjonalt, og har ikkje ambisjonar om å tiltre i kombinerte stillingar ved UiO. Vidare er kombinerte stillingar hovudregel ved fakultetet, spesielt sidan ein ynskjer å tilby forskingsbasert undervisning.

Når det gjeld postdoktorstillingar opplyser dekanen at hovudregelen er 4-årige stillingar på 25 % plikt slik at dei skal kunne kvalifisere seg til faste stillingar som førsteamamuensis. Ein har nesten ikkje 2-årige postdoktorstillingar i motsetning til det ein finn ved nokre andre fakultet. Det er derimot eit problem at postdoktorar ikkje blir prioritert til pedagogikkursa ved LINK, men ein jobbar med EILIN og LINK for å kunne gi 50 av dei 200 timane dels lokalt ved fakultetet.

Akademikarane syner til at stillinga førstesekretær dukkar opp i listene, og at det er 6 personar i denne stillingskategorien ved Institutt for statsvitenskap. Ein jobba i 2022 sentralt ved UiO med å få avvikla bruken av denne stillingskoden, og lurar på kva bakgrunnen til dette er.

Fungerande fakultetsdirektør seier ein ikkje kan svare på kva desse personane ved ISV har som arbeidsoppgåver over bordet, men ein vil undersøkja og koma tilbake til dette.

Forskar forbundet støttar Akademikarane i dette, og syner til at også fagkonsulent er ein stilling som blir brukt ved SV og som det er ynskjeleg blir avvikla.

Verneombodet spør korleis en får fram informasjon om Si-fra systemet til stipendiatar, postdoktorar og tilsette i små stillingsbrøkar.

Fungerande fakultetsdirektør fortel at desse skal bli informert av instituttleiar og kontorsjef når dei vert tilsett.

Dekanen avslutta med at midlertidigkeit hjå teknisk-administrative blir teken opp på nytt i IDF over sommaren med oppdaterte tilsettliste.

## Informasjonssak

### 1. Mandat for utredning av fakultets senterpolitikk

Utkast til mandat var vedlagt innkallinga.

Ein vert i møte samde om at dette er ei informasjonssak, trass i at den på innkallinga står oppført som drøftingssak.

Dekanen fortel at ein er i startgropa med å utforma eit mandat, ein har sett litt på kva ein gjer andre stader ved UiO og ser at universitetet ikkje har ein senterpolitikk, men ein politikk for Senter for framifrå forsking. Instituttleiarane har også vore på studietur til Københavns universitet, for å sjå på deira senterpolitikk for inspirasjon.

Forskar forbundet opplever at mandatet er vanskeleg å lese, kva er formålet med utredninga, og kva legg



ein i omgrepet «senter». Dei kan vera eksternfinansierte eller basisfinansierte, dei kan ha varighet på nokre år til å vera permanente, ein finn dei organisert på alle nivå i UiO-strukturen, dei kan ha nokre få tilsette til over hundre osv. Å kalle det senterpolitikk, dersom ein eigentleg skal sjå på organiseringa av dei få sentra ein har ved SV, blir det fort tåkelegging å snakke overordna om senterpolitikk. Kva er det fakultetsstyret ynskjer med utredninga, kvifor skal SV-ha ein senterpolitikk?

Akademikarane støttar Forskarforbundet i dette og meiner det manglar ei forventningsavklaring, og ei tydelegare bestilling frå fakultetsstyret. Det bør skrivast noko om kva rolle tillitsvalte, verneombod og studentar skal ha i arbeidet. Det er også uklart om den ynskja senterpolitikken skal omhandla dei sentra ein har ved SV i dag eller om det skal gjelda ved opprettiging av evt. sentra i framtida. Ein luar også på kva tilbakemelding til utkastet som er kome frå einingane.

Fungerande fakultetsdirektør fortel at utkastet til mandat ikkje har vore ute på einingane, og at organisasjonane er dei første som får sett mandatet.

Parat takkar for at organisasjonane er så tidleg involvert, dei ser at mandatet også ligg inne om informasjonssak i forkant av fakultetsstyremøte i juni, og ber om at saka blir sett opp som drøftingssak. Vidare er det viktig at ein lagar ein informasjonsplan ut mot dei tilsette, då vedtaket i fakultetsstyret 15. mars 2024 om at fakultetet skal utarbeida ein senterpolitikk, allereie har skapt uro bland dei tilsette ved TIK og ARENA.

NTL fortel at dei gjerne vil vera meir aktiv orientert i arbeidet med senterpolitikk, og at det i den eksisterande tidslinja for arbeidet også blir lagt inn punkter undervegs der organisasjonane blir orientert om arbeidet. Vidare seier ikkje utkastet noko om samansetninga av arbeidsgruppa, og organisasjonane ynskjer å vera representert.

Dette vert støtta av Forskarforbundet.

Forskarforbundet ber at saka kjem tilbake til IDF som drøftingssak, og at det er tre punkt som bør drøftast: mandatet, arbeidsgruppas samansetning og tidsplan for arbeidet.

Verneombodet støttar forslaget om at ein må laga ein kommunikasjonsplan for arbeidet.

## 2. Personalsituasjonen

Fakultetsdirektør Gudleik Grimstad kjem attende får permisjon den 1. august, og då vil fungerande fakultetsdirektør og seksjonssjef for studie gå tilbake til sine faste stillingar.

## 3. Oppfølging av knivhending i Gydas vei

Sak vart innmeldt av NTL i førre IDF-møte.

Tilsynsrapport frå Arbeidstilsynet var vedlagt innkallinga.

Innleiingsvis seier fungerande fakultetsdirektør at denne saka hører til ved eit anna fakultet og ved UiO sentralt, og blir følgt opp av MN-fakultetet og BHT. Det vil også koma ein ny opplæringsplan frå sentralt.

Vidare fortel fungerande fakultetsdirektør av SV følgjer dei sentrale retningslinjene mot vald og truslar. Ein har gjennomført ROS-analyse for fakultetet, og eigne ROS analysar for einingar som er særskilt utsette. Det er også gjeve bistand til enkeltpersonar.

Det er også ynskjeleg at ein utarbeidar digitale kurs, og dei PLIVO-kursa som ein har i dag vet helde av



HMSB og er berre på norsk.

NTL meiner tilsynsrapporten frå Arbeidstilsynet er eit godt utgangspunkt for å sjå på arbeidet her på fakultetet. Dei syner til side 5 i rapporten der det står «I virksomheter der vold og trusler er en potensiell fare, skal arbeidsgiver iverksette rutiner for hvordan vold- og trusselsituasjonen skal forebygges, meldes, håndteres og følges opp. Dette skal gjøres i samarbeid med arbeidstakerne og deres tillitsvalgte.» No som dette arbeidet etter kvart blir følgt opp på fakultetet bør tiltaka og rutinane som vert vurdert takast opp i IDF.

Forskarforbundet meiner det er viktig at ein får plass lokale kurs då PLIVO-kursa sentralt kan opplevast som litt lite relevante. Det er viktig at ein tek utgangspunkt i den fysiske arbeidsplassen den enkelte tilsette har.

#### 4. Eventuelt

Forskarforbundet har meldt inn at ein vil drøfta kunngjeringa av ei 3-årig eksternfinansiert forskarstilling ved PSI. Dei syner til arbeidet med å redusere talet på midlertidig tilsette ved UiO, og at dette er ein del av ein heilskapleg personalpolitikk (sjå [Reduksjon av midlertidighet ved UiO - For ansatte - Universitetet i Oslo](#)).

UiO har i tillegg kontrollspørsmål i val mellom å tilsette fast og midlertidig i eksternt finansierte stillingar. Forskarforbundet lurar på om SV-fakultetet nyttar seg av desse, og om ein jobbar aktivt mot bruk av midlertidighet der det ikkje er absolutt nødvendig og syner her til nettsida [Kontrollspørsmål i valg mellom henholdsvis fast og midlertidig ansettelse i eksternt finansierte stillinger og bistillinger ved Universitetet i Oslo - Universitetet i Oslo \(uio.no\)](#).

Dei meiner at ekstern finansiering ikkje i seg sjølv gjev grunnlag for midlertidigkeit, og når stillinga er tett opp til 3-årsregelen bør den lysast ut som fast. Fast tilsetting gjev tryggleik til fortrinnsrett.

Dekanen seier på generell basis at ein kan lysa ut midlertidig eksternfinansierte stillingar der arbeidsoppgåvene er avgrensa i tid, ein ser ikkje at dette er ei drøftingssak og ein handsamar ikkje enkeltsaker som dette i IDF.

Med helsing

Kari Marie Pound Davies  
Fungerande fakultetsdirektør

Aud Jorunn Sandal  
Seniorrådgjevar HR

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.